



Helga Karin Torset Rannekleiv

Kontakt saksbehandlar

Einar Heegaard, 51568872

## Avklaring om undersøkingsavgrensing for supplerande vern Vestkyst Karmøy, gnr./bnr. 19/76 Karmøy kommune

**Statsforvaltaren i Rogaland vil legge til grunn at eigedom gnr./bnr. 19/76 i Karmøy kommune ikkje blir ein del av prosessen vidare med omsyn til supplerande vern Vestkyst Karmøy. Framlegg til vernegrense for Vestkyst Karmøy vil gå utanom eigedomen gnr./bnr. 19/76.**

Statsforvaltaren i Rogaland har fått i oppdrag frå Miljødirektoratet og starte arbeidet med supplerande vern i utvalde område. Dette er eit ledd i nasjonalt arbeid for å ta vare på ein representativ del av norsk natur og landskap for framtida. I så måte blei det meldt oppstart av verneprosess for Vestkyst Karmøy, datert 26.06.2021, og som ein vidareføring av informasjonsarbeid vert kvar grunneigar informert i brev form, datert 26.08.2021. Utsendinga inkluderer ein avgrensing av undersøkingsområdet for verneavgrensing.

Vidare viser me til telefonsamtale med grunneigar, 03.09.202, der han opplys om at hans eigedom gnr./bnr. 19/76 i Karmøy kommune er regulert for bustadføremål i Kommuneplan. Statsforvaltaren mottek i etterkant utdjupande e-post frå advokat Helga Karin Torset Rannekleiv på vegne av grunneigar, datert 07.09.2021. I brev form protestera dei mot at eigedomen blir vurdert som ein del av undersøkingsområdet.

### Bakgrunn

Verneplan for Vestkyst Karmøy vil som utgangspunkt følgje reglar for landskapsvernområde, jf. § 36.

Grunneigedomen gnr./bnr. 19/79 i Karmøy kommune ligg i utkanten av eit sanddynelandskap med stor verdi (verdi A, jf. BN00082308 i naturbase). På sjølve eigedomen er det ikkje registrert sjeldsynte eller truga artar. Frå flyfoto er det teikn på bakdynemark utanfor eigedomen med dyner inn til om lag 15 m frå grensa.

I kommuneplan 2014-2023 for Karmøy kommune er eigedomen gnr./bnr. 19/76 ein del av eit areal avsett til bustadføremål. Eigedomen i tale, ligg mellom to utbygd areal på gnr./bnr. 19/22 og 19/30, og undersøkingsavgrensinga er utforma som ein kile mellom desse.



### Vurdering

Statsforvaltaren har vurdert ei alternativ arrondering av undersøkingsområdet som følger grensa til planområdet for bustad som eigedomen er ein del av.

Det er ikkje registrert særskilte naturverdiar eller landskapsverdiar på eigedomen, og alternativ vil gi betre arrondering av framtidig vern.

### Konklusjon

Eit framlegg til vernegrense for Vestkyst Karmøy vil gå utanom eigedomen gnr./bnr. 19/76.

Med helsing

Per Kristian Austbø  
ass. Fylkesmiljøvernsjef

Einar Heegaard  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*